

ODAL VINDKRAFTVERK AS
Pausvegen 6
1927 RÅNÅSFOSS

Vår dato: 25.04.2022

Vår ref.: 201201816-565 Oppgi ved førespurnad

Dykkar ref.:

Odal vindkraftverk - Vedtak om utsett frist for idriftsetting frå 30.06.2022 til 30.09.2022

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til søknad av 14.03.2022 frå Odal Vindkraftverk AS, om utsett frist for idriftsetting av Odal vindkraftverk i Nord-Odal kommune, Innlandet fylke. Odal Vindkraftverk AS søker om utsett frist for idriftsetting med tre månadar frå 30.06.2022 til 30.09.2022.¹

NVEs vedtak

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4 andre ledd, gir NVE Odal Vindkraftverk AS utsett frist for idriftsetting av Odal vindkraftverk frå 30.06.2022 til 30.09.2022.

Bakgrunn

E.ON Wind Norway, Branch of E.ON Wind Norway fekk konsesjon av NVE til å bygga og driva Odal vindkraftverk den 30.01.2014.² Vedtaket vart stadfesta av Olje- og energidepartementet den 21.04.2016.³ Den 25.06.2020 vart anleggskonsesjonen for Odal vindkraftverk overført til Odal Vindkraftverk AS.⁴ Miljø-, transport- og anleggsplan vart godkjent av NVE 03.06.2019 og bygginga av vindkraftverket starta sumaren 2019.^{5 6}

I den første anleggskonsesjonen er fristen for idriftsetting av anlegget 31.12.2020.⁷ NVE har sidan godkjent to søknader om utsett frist for idriftsetting. Den 09.04.2018 godkjente NVE eit års utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2020 til 31.12.2021 på grunn av forseinkingar knyta til avklaring av tilstrekkeleg nettkapasitet.⁸ Den 29.04.2021 godkjente NVE eit halvt

¹ NVE ref. 201201816-559

² NVE ref. 201201816-259

³ NVE ref. 201201816-462

⁴ NVE ref. 201201816-499

⁵ NVE ref. 201502175-105

⁶ NVE ref. 201502175-153

⁷ NVE ref. 201201816-357

⁸ NVE ref. 201502175-380



års utsett frist for idriftsetting frå 31.12.2021 til 30.06.2022 med bakgrunn i varsla forseinkingar knyta til covid-19-pandemien.⁹

Søknad

Odal Vindkraftverk AS (OV) skriv i søknaden av 14.03.2022 at dei søker om utsett frist for idriftsetting med tre månadar, frå 30.06.2022 til 30.09.2022, fordi anleggsarbeidet er ytterlegare forsinka som følgje av covid-19-pandemien.

OV skriv at det dei siste tre-fire månadane har vore ein betydeleg oppgang i antall hendingar der arbeidarane har fått påvist sjukdom eller at norske eller internasjonal karantenerreglar har hindra innkøst. Dei skriv at på eit tidspunkt i januar var 75 % av personellet som jobba med ferdigstilling av turbinar sjuke eller i karantene. Dei skriv at det er sannsynleg at det også dei neste månadane vil vera fare for sjukdom på personell.

OV skriv at det som ein konsekvens av forseinkingar frå covid-19-pandemien har vore ei meir krevjande årstid for turbinmontasje. Dei skriv at det i vintermånadane har gått med meir tid til venting på tilfredsstillande vêrforhold enn faktisk løfting og montering.

OV skriv at alt anleggsarbeid inkludert kablar, fundament, betongtårn og transformatorstasjon er ferdigstilt per mars 2022, og totalt er 21 av 34 turbinar ferdig montert.

Høyring

NVE sendte søknaden på høyring den 17.03.2022 til Nes kommune, Eidsvoll kommune, Nord-Odal kommune, Statsforvalteren i Innlandet, Innlandet fylkeskommune, Elvia AS og Statnett SF.¹⁰ Høyringsfrist var 08.04.2022.

NVE fekk høyringsinnspel frå Eidsvoll kommune, Nord-Odal kommune og Statsforvalteren i Innlandet. OV hadde ingen kommentar til høyringsinnspela.

Høyringsinnspel

Nord-Odal kommune skriv at dei ikkje har merknadar til søknaden.

Eidsvoll kommune skriv at dei er imot ei utsett frist for idriftsetting fordi det har vore signalisert at det ikkje kan påreknast at det blir gitt utsett frist for idriftsetting til prosjekt utover 31.12.2021, noko tiltakshavar har vore klar over. Dei viser vidare til at kommunen heile tida har uttrykk betydeleg skepsis til prosjektet, og sjølv om det allereie er gjort store inngrep, vil ei fullføring av prosjektet føra til ytterlegare betydelege inngrep i naturen med dei konsekvensane det vil få.

⁹ NVE ref. 201201816-531

¹⁰ NVE ref. 201201816-558



Statsforvaltaren i Innlandet skriv at dei ikkje ser at ein utsett frist for idriftsetting på tre månadar vedkjem deira ansvarsområde i vesentleg grad, og går ikkje imot at søknaden vert godkjent.

NVEs vurdering

NVE har i brev av 27.11.2019 informert om vår praksis ved handsaming av søknader om utsett frist for idriftsetting av vindkraftverk.¹¹ I brevet står det at NVE kan forlenga fristen for idriftsetting av vindkraftverk utover 31.12.2021 i særlege tilfelle der konsesjonær har kome langt i byggearbeida og uforutsette forhold, «force majeure», hindrar idriftsetting i tide.

NVE konstaterer at covid-19-pandemien har ført til sjukdom og forseinkingar ved bygging av Odal vindkraftverk. Etter NVEs vurdering har covid-19-pandemien ved Odal vindkraftverk ført til ein force majeure-situasjon som er utanfor konsesjonærens kontroll. Dette er tidlegare vurdert i vedtaket av 29.04.2021.

NVE konstaterer vidare at dei fleste fysiske terrenginngrepa i vindkraftverket er gjennomført, og det som sto att på søknadstidspunktet var montasje av 13 av 34 vindturbinar. Ei utviding av fristen for idriftsetting inneberer at anleggsarbeid kan gjennomførast fram til og med september, og potensielt bety anleggsarbeid og forstyrringar over ein lengre periode enn tidlegare. NVE legg til grunn at arbeidet om står att, transport og montering av 13 vindturbinar er mindre omfattande enn grunnarbeida som allereie er gjennomførte.

NVE konstaterer at vertskommunen Nord-Odal kommune og Statsforvaltaren i Innlandet ikkje har merknadar til søknaden, men at nabokommunen Eidsvoll er negative til ei utsett frist for idriftsetting. NVE legg ikkje vekt på Eidsvoll kommune sitt argument om at ferdigstilling av prosjektet vil føra til ytterlegare betydelege inngrep i naturen, fordi inngrepa i all hovudsak allereie er gjennomført.

I anleggskonsesjonen for Odal vindkraftverk står det at konsesjonen fell bort viss anlegget ikkje er sett i drift innan fristen. Bortfall av heile, eller deler av konsesjonen ville betydd at inngrepet er gjort utan at samfunnet får nytte av ny fornybar kraftproduksjon.

Etter ei samla vurdering meiner NVE det er grunnlag for å gi utsett frist for idriftsetting frå 30.06.2022 til 30.09.2022.

NVEs vedtak

Med heimel i energilova § 3-1, jf. § 10-4 andre ledd, gir NVE Odal Vindkraftverk AS utsett frist for idriftsetting av Odal vindkraftverk frå 30.06.2022 til 30.09.2022.

¹¹ NVE ref. 201913829-1



NVE har vurdert at ein utvida frist for idriftsetting på tre månadar ikkje vil gi vesentlege verknadar for naturmangfaldet samanlikna med det som ble vurdert i bakgrunn for vedtak av 30.01.2014, jf. naturmangfoldloven (nmfl.) § 8. Det føretas derfor inga ny vurdering av nmfl. §§ 9 til 12 no.

Klagerett

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Sjå vedlagt informasjon om rett til å klaga.

Vi ber OV om å underrette grunneigarar/rettshavarar om vedtaket. Underretninga skal etter forvaltningslova gi opplysningar bl.a. om klagerett, klagefrist og retten til å sjå sakens dokument.

Med helsing

Inga Katrine Johansen Nordberg
direktør

Erlend Bjerkestrand
fungerende seksjonssjef

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

ODAL VINDKRAFTVERK AS

Kopimottakarliste:

STATNETT SF

NES KOMMUNE

EIDSVOLL KOMMUNE

ELVIA AS

Nord-Odal kommune

STATSFORVALTEREN I INNLANDET

INNLANDET FYLKESKOMMUNE



Orientering om rett til å klage

Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kor skal du sende klaga?	Du må adressere klaga til Olje- og energidepartementet (OED), men sende den til NVE. NVEs e-postadresse er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrer vedtaket, vil vi sende klaga til OED.
Frist for å klage	Fristen for å klage på vedtaket er 3 veker frå den dagen vedtaket kom fram til deg. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegger klaga før fristen går ut. Klaga kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klaga?	Klaga bør vere skriftleg. I klaga må du: <ul style="list-style-type: none">- Skrive kva for vedtak du klagar på.- Skrive kva for eit resultat du ynskjer.- Opplyse om du klagar innanfor fristen.- Underteikne klaga. Dersom du bruker ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klaga. I tillegg bør du grunngje klaga. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unnateke offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på NVEs vedtak, og klaga er avgjort av OED som overordna forvaltingsmyndigheit. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klaga, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klaga ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller OED endrer vedtaket til din føremon, kan du søkje om å få dekkja vesentlege og naudsynlege kostnader. Du må søkje om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.

Denne forklaringa byggjer på forvaltningslovas reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.